

Rådhusvegen 6
6771 Nordfjordeid
Telefon: 57 88 53 18
Mobil: 951 74910
Telefax: 57 88 53 11
E-post: redaksjon@fjordabladet.no

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
E-post: postmottak@kud.dep.no

NOU 2010: 14 Lett å komme til orde, vanskelig å bli hørt – en moderne mediestøtte

Som redaktør i Fjordabladet, ei av dei mange fådagarsavisene som kjem ut på Nordvestlandet, ventar eg med spenning på den endelege konklusjonen av det arbeidet som i løpet av året skal leggst fram gjennom Mediestøtteutvalget si innstilling. Eit arbeid som legg viktige føringar for framtida til avisene vi redigerer.

Fortsatt fritak for meirverdiavgift

Fjordabladet støttar fleirtalet i medistøtteutvalet si klare tilråding når det gjeld vidareføring av null meirverdiavgift på papiraviser og vil be om at også digital publisering blir fritaken for meirverdiavgift. Det er svært viktig for fådagarsavisene at det er framhald i ordninga utan meirverdiavgift på papiravis.

Dei aller fleste som abonnerer på ei fådagarsavis er i tillegg abonnent på ei dagsavis. I ein stram annonsemarknad har det som kompensasjon vore nødvendig å auke abonnementsprisen. Det er eit sjansespel i ei tid der vi ser at spesielt fjernabonnentar i aukande grad held seg oppdatert gjennom det gratis nettilbudet lokalavisa gjev. Meirverdiavgift på toppen av ein, etter mange si oppfatning høg abonnementspris, vil gjere det lettare å velje bort abonnementet på papiravisa.

Erfaringane viser at det er familiar med dårleg økonomi som først prioriterer bort lokalavisa. Dette gjeld grupper som barnefamiliar og pensjonistar. Ei uheldig utvikling. Lokalavisene har ein viktig funksjon i dekningsområdet, ikkje minst for desse lesargruppene.

Vi meiner at dagens ordning med fritak av meirverdiavgift har vore viktig for å halde på den floraen av fådagssaviser vi har her i landet. Som lokalavis skal vi både informere og underhalde lesarane. Ein viktig føresetnad for dette er at vi har økonomi god nok til å lage kvalitetsjournalistikk og i tillegg drive produktutvikling, både på nett og papir. Framhald på ordning med momsfrтак vil vere eit viktig bidrag til dette.

Produksjonstilskottet

Produksjonstilskottet har vore avgjerande for at vi i dag har svært mange gode lokalaviser med fire eller færre utgjevardagar i veka. For mange små aviser betyr det eit vere eller ikkje vere. Produksjonstilskottet har eit stort økonomisk etterslep samanlikna med utviklinga i andre mediepoltiske verkemiddel. Vi ber derfor om at tilskottet blir auka, slik at også dei små avisene kan henge med i den raske utviklinga som no skjer i mediebildet.

Nordfjordeid 18. april 2011

Tormod Flatebø
Ansvarleg redaktør
Elektronisk signatur